



Orientering om 17. mai 2026

Feiring av 17. mai på Hemsedal skole.

Etter 17. mai toget blir det utdeling av gratis pølser/brus til barna og leiker/konkurransar på skuleplassen.

Mat og kaffi får ein kjøpt inne på skulen og på Kyrkjestugu.

Sal av is ute på skuleplassen.

Ta gjerne med campingstol eller liknande til å bruk på plassen utanfor skulen.

Samling med 17. mai-tale og underhaldning blir som vanleg arrangert i Trøimshallen kl. 14.00

Parkering:

Det er parkeringsplassar ved Power, Spar, Sparebank1, Coop Extra og den nye parkeringsplassen vest for kommunehuset. Vi oppmodar alle til å parkere andre stader enn ved Hovtun Kjøpesenter og Ditt Apotek, der 17. mai toget skal gå, og ved kyrkja der toget startar.

Ved Trøimshallen er det viktig å ikkje sperre for den bakre inngangen (mot Haugentunet).

Rekkefølge i 17. mai toget:

1. Formannskapet
2. Flaggborg v/10. klasse
3. 10. klasse
4. Hemsedal hornmusikklag
5. Tuv barnehage
6. Ulsåk barnehage
7. 1. – 9. klasse Hemsedal skole
8. Folketoget

NB! Oppmøte seinast kl. 10.45 på parkeringsplassen ved kyrkja. Sjå etter skilt med din klasse/barnehage.

Avgang for toget: kl. 11.00. Hugs å ta med flagg! - HIPP HIPP HURRRAAA!

Foreldre/sysken blir oppfordra til å gå BAK i Folketoget. Då er det lettare for skuleungane å halde sine plassar.


Rute for toget:

Toget går frå kyrkja, til Hovtunsenteret, tilbake om Bråtenjordet og avsluttar ved Hemsedal Bygdaheim.

TV-overføring

17.mai-arrangementet i Trøimshallen blir filma – og streama på Bygdaheimen og no også på kommuneTV.

Det blir lagt ut link på heimesida til Hemsedal kommune: www.hemsedal.kommune.no



Velkomen til ei flott 17. mai feiring!

17. mai-komiteen